

Stort engasjement i brannstasjonssaka.

12.01.2020



Branntropp Uskedalen er sentralt plassert i sentrum.

Brannsjefen i Kvinnherad kommune går for alternativ 2/3 til framtidig brannvernorganisering. Framlegget inneber at ein held på tre stasjonar, Husnes, Rosendal og Ølve, og tre såkalla framskotne einingar, Varaldsøy, Åkra og Halsnøy. Brannstasjonen i Uskedalen vert med dette framlegget nedlagd. Uskedalen.no har dei siste dagane motteke innlegg som bed om ei meir fagleg grunngjeving for nedlegging. Særleg dette med responstid er viktig å få fram.

Lars Martin Feet

Brannstasjon i Uskedalen bør vera sjølv sagt både i dag og i framtida.

Uskedalen er ei levande bygd med skule, barnehagar og næringsliv i nesten alle kategoriar, eldre- og omsorgsboligar, leilighetsbygg og nye og eldre byggjefelt. Vi har mange gardsbruk i Uskedalen, både store og små i og utanfor sentrum, med mjølkeproduksjon, kjøttfe og sauehald.



Fleire brannar i Uskedalen den siste tida har synt behovet for god beredskap med rask responstid (Arkivfoto).

Kansje burde vi også engasjert innbyggjarane i Herøysund og fått deira synspunkt.

At det vert lengre responstid før brannvesenet er framme på staden det gjeld, er sjølvsagt om stasjonane i Rosendal og på Husnes skal erstatta Uskedalen Brannstasjon.

Kva skjer med brann mannskapa.? Dei klarer ikkje koma seg tidsnok verken til Husnes eller Rosendal for å rykkja ut derifra.



Jostein Saghaug legg i sine vurderingar vekt på god beredskap i høve til brann, klima og spesielle hendingar (Arkivfoto frå brannen på Padlane 2017)

Er vi tenlige med å spare 800.000,- i året på å leggje ned stasjonen i Uskedalen, og dei andre som tydeligvis er planlagt nedlagde? Brannmannskapa sin lokalkunnskap internt i Uskedalen fell også bort. Eg tenker her på kjennskap til adresser/næring/industri/muligheter for vasshenting etc.

Det vert synt til En studie av påvirkninger på brannvesenets responstid v/
Joakim Pedersen Master i Økonomi og Administrasjon, September 2015 . Handelshøgskolen UIT.

Faktorene som avgjør hvilke krav det skal være til innsatstiden er definert av den omliggende bebyggelsen og antall beboere innenfor et geografisk område. I følge Forskrift om organisering av brannvesen (2002) skal tettbebyggelse med særlig fare for brannspredning, eller særskilte brannobjekter som sykehus, sykehjem, koncentrert næringsdrift o.l. ikke ha en responstid over 10 minutter.

Her defineres tettbebyggelse som et område hvor det er minst 200 beboere, og avstanden mellom husene ikke overstiger 50 meter. Loven uttrykker eksplisitt at tall fra statistisk sentralbyrå er grunnlaget for tettstedenes størrelse. I tettsteder for øvrig skal responstiden ikke overstige 20 minutter. Utenfor tettsteder skal det sikres fullstendig dekning, og innsatstiden bør ikke overstige 30 minutter

I Veilederen til forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen er det utdypeit hva som legges i ulike begreper. Dette er gjort slik at det skal eksistere en minste standard for hva som inngår i særskilte brannobjekter og tettbebygd strøk. Her finnes det definisjoner som angir at eksempelvis en husklyng større enn 800m² utenfor et tettsted, regnes som en tettbebyggelse og skal ikke overstige 10 minutter innsatstid. Kjøpesenter med areal større enn 4000m², sykehus og næringsparker med store økonomiske faller innenfor definisjonen koncentrert næringsdrift, og skal ikke ha en responstid over 10 minutter (Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, 2002).

Veilederen utdypeit også at det kan gis dispensasjon fra innsatstidskravet ved økt bemanning ved institusjoner og andre forebyggende tiltak. Likevel presiserer innledende paragrafer at kommuner selv er ansvarlig for utførelse av risiko og sårbarhetsanalyser, for å avdekke forhold som ikke ivaretas av forskriftenes minstekrav. Kommunen er ansvarlig for å dimensjonere brannvesenet etter sin egen risiko og sårbarhetsanalyse, men ikke under det lovens minstekrav angir.

Bengt Ole Myklebust

Det er vel slik at dei fleste brannfolka i bygda har sitt daglege arbeid i Rosendal eller Husnes så utsynkingstida ville ikkje blitt kortare om stasjonen vart lagt ned utan at det var fast personell der eller at samlede brannfolk var heima i Uskedalen på heltid.

Det var vel berre tidspunktet på nyttårsafta som gjorde at det blei kort utsynkingstid siden alle var i bygda. Det er litt falsk trygghet med den ubemanna stasjonen i bygda. Eg vil helst ha ein døgbemanna stasjon.

Frode Sæbø

Eg forstår at alternativ 2 er tilrådd, og at den er innanfor krava til minimum responstid. I klår tekstu betyr dette at ein går for maks inntjening, då med ei responstid som er såvidt innanfor minimumskrava.

I mitt yrkesliv i nordsjøen med virke i kontrollrom og i beredskapsrom, var noko av det me trena mest på det som me kalla Dei gylne 5 minuttene. Dette er tida då ein situasjon er meldt og fram til beredskapsorganisasjon og brannvern er etablert.

All historie viser at utfallet av ein brann eller ulykke ofte er avhengig av kva som skjer i desse første minuttane, då dei, som er på vakt aleine, må løysa oppgavene og oftast lukkast med tiltak, nettopp fordi dei er raskt på staden. Altså rask respons. Å velja ei løysing med lengst mogeleg responstid er omrent det same som å satsa på ettersløkkjing.

Ein brannstasjon i Uskedalen vil med sin sentrale geografiske plassering sikra rask respons til eit svært stort område. Det er faktisk lov å vera bedre enn dei därlegaste.

Atle Hauge

Jeg mener at det må være feil i sårbarhets analysen til Kvinnherad kommune. Krav til responstid må da være 10 minutter i sentrum av Uskedalen. Her er sitat fra en master oppgave Brannvesenets responstid når sekundene virkelig teller ved Joakim Pedersen Handelshøyskolen.

Forskrift om organisering av brannvesen (2002) skal tettbebyggelse med særlig fare for brannsprøding, eller særslike brannobjekter som sykehus, sykehjem, koncentrert næringsdrift o.l. ikke ha en responstid over 10 minutter.

Her defineres tettbebyggelse som et område hvor det er minst 200 beboere, og avstanden mellom husene ikke overstiger 50 meter. Loven uttrykker eksplisitt at tall fra statistisk sentralbyrå er grunnlaget for tettstedenes størrelse. I tettsteder for øvrig skal responstiden ikke overstige 20 minutter. Utenfor tettsteder skal det sikres fullstendig dekning, og innsatstiden bør ikke overstige 30 minutter.

Er dette noe Uskedalen Utvikling kan følge opp? Dette bør vi få stoppet. Alternativ må vi ta dette med fylket og overprøve Kvinnherad kommune.

Det hadde vert interessant å få et svar fra kommune, om hva de legger til grunn vedrørende responstid. Dersom det er korrekt at kravet er 10 minutt, så klarer ikke hverken Husnes of Rosendal dekke Uskedalen og Herøysund. Ihht SSB har Uskedalen 2 tettsteder, Dønhaug er ca 451 og Korsnes 313 mennesker. Dersom en ulykke/ brann får større konsekvenser og det viser ser at Kommunen ikke overholdt kravene, så er de vel også økonomisk ansvarlig.

Kjetil Hauge

Korleis kan brannsjef Ljosdal garantere tryggleiken til innbyggjarane når det blir reduksjon av mannskap og antal brannstasjoner. Og kva responstid har dei lagd til grunn for nedleggelse ? Det ser og ut til at det vert brukt nokre regnestykke som ikkje held mål. Her må regnestykket bli lagd fram for offentlegheten. Og kva krav er det Arbeidstilsynet har for brannstasjonen i Uskedalen ?

Jostein Saghaug (Miljøpartiet) - medlem i Komite for plan, teknikk og miljø

Saghaug legg vekt på auka bedredskap i høve til klima og særlege hendingar. Beredskap og førebygging er prioriterte oppgåver for Miljøpartiet. Difor vil han halda på branntroppen i Uskedalen, som årleg kan syna til meir enn 10 utsynkingar. Det er ikkje sagt kva tid det vert fremja sak for politisk behandling, men det vert truleg i mars/aprilmøte.

Tekst: Ulike bidragsytar
Foto/nett: Kristian Bringedal